

# Oppsummering dialogmøte lag og organisasjonar

Dialogmøte med lag og organisasjonar vart arrangert 27. april kl 18-20 i Bømlo kulturhus. Følgjande lag stilte:

Bremnes kvinne- og familielag, Bømlo barne- og ungdomsteater, Bømlo Demenslag, Bømlo Hørselslag, Bømlo frivilligsentral, Bømlo Makerspace, Bømlo pensjonistforbund, Bømlo røde kors med representantar frå hjelpekorpsset, våketenesten og leiar, Bømlo skulekorps, Bømlo symjeklubb, Bømlo Tur- og Sogelag, Bømlo turlag med representantar frå Barnas turlag og leiar, Foldrøy speidargruppe, Gilje allidrett, Gutta på tur, Kanaldagane, Langevåg utvikling og Trekløveren Grenda- og ungdomslag.

Frå Bømlo kommune stilte kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett Bjørn Håvard Bjørklund, rådgivar for kultur og idrett Elisabeth Holme Grønnevik og rådgivar for folkehelse og frivilligheit Lene Borgen Waage (referent).

## Innleiing

Bjørn Håvard Bjørklund ønskte velkommen med orientering om aktuelle prosessar og status for flyktningsesituasjonen i Bømlo.

Lene Borgen Waage innleia med kort om status for frivilligpolitisk plattform, aktivitet i 2021/22 og frivilligheita sitt år. Vidare kort om barrierar for deltaking og kjente tiltak for rekruttering og inkludering:

## Kjente barrierar for deltaking

Moglege deltakarar manglar kunnskap og kjennskap om

- laget finns
- kva laget gjer
- kva dei kan bidra med
- korleis dei kan melde seg på


Aktuelle deltakarar kan ikkje delta

- har ikkje råd til å delta
- kjem seg ikkje til aktivitetane
- Det er ikkje lagt til rette for deltakarar og frivillige med særskilte behov
- har ikkje tid eller lyst til å delta – eller tid til å forplikta seg

Deltakarar og frivillige kjenner seg ikkje velkomen


- Laget har ikkje tid eller ressursar til å følgja opp nye deltakarar og frivillige
- Nye deltakarar og frivillige kjenner seg ikkje sett og høyrte

## Rekruttering av deltakarar



- [www.aktivitetforalle.no](http://www.aktivitetforalle.no) har både oversikt over faste, organiserte, fritidsaktivitetar og arrangement
- Registrering enten med eigen brukar eller ved å ta kontakt med kommunen

## Rekruttering av frivillige



- [www.frivillig.no](http://www.frivillig.no) er gratis å bruka
- Slik gjer du det
  1. [Registrér organisasjonen eller lokallaget](#)
  2. Legg ut oppdrag
- I tillegg til rekruttering er det også mange gode ressursar for inkludering og drift på nettsida

## Ressursbank

Vegvisar	Verktøykasse og erfaringsdeling
<ul style="list-style-type: none"><li>• Nokon som viser veg inn i kommunen?</li><li>• Nokon som viser veg inn i lag, organisasjonar og fritidsaktivitetar?</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Velkomst av nye deltakarar og frivillige (velkomstmelding, motivasjonstips, aktivitetsplan...)</li><li>• Skildring av aktivitetar, lokalar, situasjonar osv</li></ul>

## Gruppediskusjonar

Deltakarane fekk servert smørbrød og sette seg gruppevis og diskuterte desse spørsmåla:

### Rekruttering av deltakarar

- Kven er målgruppa for aktiviteten i laget?
- Når og korleis kan nye deltakarar melde seg på?
- Korleis kan de nå ut til nye deltakarar?

### Rekruttering av frivillige

- Kven er dei frivillige i dykkar organisasjon?
- Kva behov har de for nye frivillige?
  - o Kva skal dei frivillige gjera?
  - o Må dei frivillige ha kurs eller opplæring?
- Korleis rekrutterer de?

### Inkludering

- Kva informasjon gjer de til (nye) deltakarar?
- Kva informasjon gjer de til (nye) frivillige?
- Har de deltakarar som treng ekstra oppfølging – korleis gjer de det?

- Kvar har de aktiviteten dykkar – er det behov for tilrettelegging i lokala eller der de har aktiviteten?
- Kva kunne de ønskje dykk av ressursar for å leggja til rette for at alle kan delta?

### Element som vart løfta fram i plenum og oppfølgingspunkt

- Det var ei brei gruppe med organisasjonar til stades. Diskusjonane viste både at laga har mykje kompetanse og mykje aktivitet.
- Det er viktig med oversikter som viser breidda i aktivitetane ein kan delta på, men også andre meir målretta kanalar. Døme på målretta kanalar ein har god erfaring med er 1-til-1-verving, SMS med informasjon og påminning og informasjon i samband med aktivitetar. DØME ta med ein ven
- Presentasjon av organisasjonar i Bømlo nytt er bra, men det er viktig at dette er opne sakar, elles kan dei ikkje delast.
- For at barn og unge skal få informasjon er det flott med kampanjar/dagar i skulen som til dømes Gøy-dagen (der andreklassingane blir introdusert for ulike idrettar) og Blås i skulen (der elevane får sjå og prøve ulike korpsinstrument). Det er viktig at slike kampanjar blir planlagt i god tid, slik at skulane får sett av tida i sitt årshjul. Diskusjonane viste også at mange av laga har gode årshjul og verktøy i sine lag, som kan delast både for rekruttering, velkomst av nye medlemmar, organisering av aktivitetar og inkludering av deltakarar og frivillige med og utan særskilte behov.
- Mange lag og organisasjonar opplever at folk vil delta, men ikkje forplikte seg til faste bidrag eller verv. Det kan vera viktig å synleggjera kva oppgåver som skal gjerast slik at ein kan få fordelt oppgåver utover styra og ufarleggjera verva. I mange lag og organisasjonar har dei mest erfarne, mykje god kompetanse. Det er også mange gode rollemodellar i dei eldste både sosialt og for aktivitetane. Det er viktig at deira rolle og måte å jobba på blir løfta godt fram og at me heiar fram alle dei frivillige.
- Forslag: Kan lag og organisasjonar og kommunen samarbeida om ei kampanje der me viser fram tilbodet og søker etter frivillige og deltakarar? Slik blir det ikkje enkeltstående kampanjar frå ulike lag, men samla initiativ. Gjennom diskusjonen kom det fram at veka før skulestart kan vera eit godt tidspunkt. I tillegg til kampanjeinnhald på nett, kom det forslag om å høyre med Bømlo nytt om dei kunne tenkja seg å ha eit temanummer om frivilligheita denne veka.